

## **INTERNKONTROLLSYSTEM.**

### **Eksempel på moment.**

Mål for verksemda, inkl. den delen som har å gjera med krav frå mynde.

Organisasjonsstruktur (ansvar/mynde/oppgåvefordeling/kommunikasjonslinjer)

Oversyn over regelverk/krav og rutinar som sikrar at dei det gjeld vert oppdatert på gjeldande krav.

Prosedyrar som gjer at naudsynte dokument som vert omfatta av internkontrollen er samanhengande, oppdaterte, kjende, tilgjengelege og aksepterte.

Prosedyrar for etterleving av dei einskilde paragrafar (framgangsmåtar/sjekklistar). Det kan vera aktuelt å laga prosedyrar for etterleving av bestemmelsar om:

- opplysnings og informasjonsplikta (§5)
- utforming og innreiing (§9)
- aktivitet og kvile (§10)
- måltid (§11)
- psykososiale tilhøve (§12)
- reingjering og vedlikehald (§13)
- sikkerhet og helsemessig beredskap (§14)
- førstehjelp (§15)
- tilrettelegging basert på opplysningar om helsetilhøve (§16)
- smittevern (§17)
- røyking (§18)
- inneklima/luftkvalitet (§19)
- belysning (§20)
- lydtilhøve (§21)
- drikkevatn (§22)
- sanitære tilhøve (§23)
- avfallhandsaming (§24)

Rutinar for avvikhandsaming (d.v.s. rutinar for å retta opp, hindra nytt og kven som er ansvarleg for oppfølging).

Rutinar for sikring av naudsynt kompetanse.

Rutinar for kontroll av at ein gjer det ein har sagt ein skal gjera.

Rutinar for tilbakeføring av erfaring (reg. av resultat, evaluering og lignende).

## **VERNERUNDAR/MHV-FORSKRIFTA. MOMENTLISTE.**

### **Utforming og innreiing (§9)**

Er det teke omsyn til god fysisk tilgjenge for personar med ulike funksjonshemmingar ?  
Er utforming og innreiing slik at verksemda er lett å halda rein, m.a. ved at minst mogleg skit og støv vert drege inn i verksemda ?  
Er der trafikk sikre uteområde ?  
Er areala fleksible i høve til behov og bruk ?  
Er der egna stader for oppbevaring og tørking av uteklær ?  
Er bord og stolar tilpassa høgda til brukarane ?  
Er særskild forureinande kjelder (som kopimaskiner, skrivar, telefax) plasserte i eigne ventilerte rom ?  
Er arealnormene oppfylte ?

### **Aktivitet og kvile (§10)**

Er leikeområda slik at dei gjev gode høve for aktivitet og leik for aktuelle aldersgrupper ?  
Gjev leikeareala høve for leik til alle årstider ?  
Er der egna rom for born som treng søvn og kvile ?

### **Måltid (§11)**

Har ein enkel tilgang til hånadvask i samband med måltida ?  
Er der tilfredsstillande rutinar og utstyr for kjøling av mjølk ?

### **Psykososiale tilhøve (§12)**

Er det etablert nettverk tilknytt skule/barnehage (av t.d. barnehage/skule, skulehelseteneste/helsestasjon, PP-tenesta, barnevern eller andre) ?  
Er der rutinar/planar som sikrar samarbeid med foreldre og elevar/born (t.d. foreldremøte) ?  
Har ein rutinar for førebygging av mobbing og vald ?  
Har ein vurdert trongen for rutinar for handsaming av alvorlege uføresette hendingar som barns død, misbruk og lignende ?

### **Reingjering og vedlikehald (§13)**

Er der reinhaldsplan der eigne rutinar for støvtørking av alle horisontale flater over golv og der det er varmekjelder og ventilasjonspunkt m.m. inngår og som spesifiserer korleis og kor ofte reinhaldet skal utførast ?  
Er reingjeringsutstyret tilpassa behovet og vert det rutinemessig reingjort og halde i god stand ?  
Vert vaske- og desinfeksjonsmidlar lagra på ein tilfredsstillande måte ?  
Er der HMS-datablad for reinhaldsmidlar ?  
Er golvvedlikehald med i reinhaldsplanen (boning m.m.) ?  
Er reinhald av leiker med i planen ?

- Er det årleg hovudreingjering av innadørs areal ?
- Er der driftsinstruks for ventilasjonsanlegg og tekniske installasjonar ?
- Er der vedlikehaldsinstruks for tekniske installasjonar ?
- Er der rutinar for reingjering og vedlikehald av uteområdet ?
- Er der rutinar for regelmessig reinhald og vedlikehald av ventilasjonsanlegg ?

#### **Sikkerhet og helsemessig beredskap (§14)**

- Er der rutinar for vedlikehald og opplæring i bruk av brannsløkkingsmateriell ?
- Er leiker og utstyr i samsvar med gjeldande sikkerhetsregelverk ?
- Er det fastsett tidsintervall for ettersyn, ansvar for oppfølging og eventuelle utbetringar av leiker, utstyr og lokale ?
- Er der registreringsrutinar med tanke på vidare førebyggingsarbeid og utbetringstiltak etter uhell/ulukker ?
- Har spesialrom for kjemikalier sikringsutstyr, låsbare skap og lignende ?
- Har verksemda bestemmingar for tal på vaksne pr. barn, krav til førstehjelp og livredning ved turar ute og lignende ?
- Er der rutinar for varsling ved brann eller annan fare ?
- Er der sikringsrutinar i samband med svømmeopplæring ?
- Er der varslingsrutinar, oppdaterte telefonlister både til varsling av foreldre/pårørande og hjelpeinstansar ?
- Har verksemda rutinar for evakuering ?

#### **Førstehjelp (§15)**

- Er det tilgjengeleg intakt førstehjelpsutstyr ?
- Er det høveleg plassert i høve til brukarane ?
- Er det rutinar for oppdatering av innhald i førstehjelpsskap ?
- Er der rutinar for opplæring av tilsette i førstehjelp ?
- Er der definert ansvarsfordeling ved skader og ulukker ?

#### **Tilrettelegging basert på opplysningar om helsetilhøve (§16)**

- Er der rutinar som fangar opp helsemessige behov som krev spesiell tilrettelegging i høve til enkelte brukarar ?
- Er der rutinar for innhenting og handsaming (mottak, bruk, vidareformidling til tilsette, lagring, sletting) av helseopplysningar frå born eller føresette ?

#### **Smittevern (§17)**

- Har verksemda rutinar for pålagde undersøkingar av nyttilsette og vikarar ?
- Er der rutinar for kor lenge barn skal vera borte ved smittefarlege sjukdommar ?
- Er der rutinar for oppsamling av blodsøl ?

#### **Inneklima/luftkvalitet (§19)**

- Er luftkvaliteten samsvarande med normene ?
- Er det vurdert tiltak for å oppfylla normene ?
- Kan temperaturen regulerast i kvart enkelt rom ?
- Er solavskjeming god nok ?

Kan vindaugo opnast i undervisningsromma ?

Er der tiltak som gjer at fukt ikkje vert eit problem i verksemda ?

Er plassering av luftinntak vurdert i høve til utadørs luftforureining ?

Er det samsvar mellom bruken av rom og ventilasjonen i dei same romma (t.d. punktavsug der dette er naudsynt) ?

Gjer personalet og brukarane noko for å betra innemiljøet, som t.d.

- tiltak ved inngangspartiet for å hindra at skit kjem inn
- generell opprydding/orden
- senka temperaturen til 20 gr.C
- lufting i pausar
- syta for at elevane er ute av romma i friminutta
- unngå dobbelttime
- vurderer endra rutinar for bruk av lokala
- redusera personbelastinga
- meir undervisning og aktivitet ute
- fjerna støvdeponi
- føra skap til tak og lukka reolar
- unngå yttertøy inne
- bruka innesko
- revurdera reinhaldsrutinane

Finst det termometer i undervisningsrom/dei viktigaste opphaldsromma ?

### **Belysning (§20)**

Er belysning i dei einskilde romma tilpassa aktiviteten i romma ?

Har alle rom for varig opphald tilfredsstillande tilgang på dagslys ?

Har ein prøvd å redusera evt. problem med blending ?

### **Lydtilhøve (§21)**

Er dei ulike aktivitetsområda vurderte og rangerte i høve til krav til stille og støyande aktivitet ?

Er det tenleg organisering av dei ulike aktivitetane i høve til kvarandre og i høve til andre støykjelder ?

Vert det ny vurdering av støytilhøva ved endring i lokala eller bruken av desse ?

Er det målt/vurdert etterklang og sett i verk avbøtande tiltak ?

Er det kartlagd støy frå aktuelle tekniske installasjonar ?

Er det sett i verk avbøtande tiltak i høve til dette ?

Er lydtilhøva i dei ulike romma vurderte/kartlagde ut frå eksisterande støykjelder ?

Om normene for ekstern støy er passert, er det sett i verk tenlege tiltak ?

### **Drikkevatn (§22)**

Har verksemda godkjend vassforsyning ?

### **Sanitære tilhøve (§23)**

Har borna/eleven tilgang på drikkevatn ?

Er det tilstrekkeleg ventilasjon i sanitære anlegg ?

Er det spesielle reinhaldsrutinar for sanitæranlegg ?  
Er der tilstrekkeleg tal handvaskar og er dei tenleg plasserte ?  
Har handvask både kaldt og varmt vatn ?  
Har ein blandebatteri med skåldesperre på handvaskar som er tilgjengelege for små barn ?  
Er det hygienisk tilfredsstillande høve for tørking av hendene ved handvask (papir) ?  
Er der tilgang på tilstrekkeleg mengde såpe som kan nyttast hygienisk tilfredsstillande (dispenser) ?  
Er der nok dusjar og garderober i høve til behovet ?  
Er vegger og tak i sanitæranlegga lette å halda reine og fri for fuktskader ?  
Er det vurdert spesielle sanitære behov (eigne behaldarar for sanitærbind/område avsett for stell av barn) ?  
Er det hygienisk tilfredsstillande høve for stell av små barn ?  
Er der tilstrekkeleg tal lett tilgjengelege toalett i høve til behovet ?  
Er det tilstrekkeleg tal toalett tilrettelagd for funksjonshemma ?  
Er toalett, urinal og handvaskar heile og lette å halda reine ?

### **Avfallhandsaming (§24)**

Er avfallsmengde og -type frå dei ulike aktivitetane vurderte ?  
Er tal, type og plassering av behaldarar vurdert ?  
Er der tilfredsstillande rutinar for tømning av behaldarar i høve tilbehovet for ulike typar avfall ?  
Er det vurdert om anna regelverk kjem inn (spesialavfallforskrift) ?  
Følgjer kompostering av hage/matavfall kommunale retningslinjer ?